

Ørskog Historielag:

MED ASTRID EIDSVIK INN I NYE ÅLESUND KOMMUNE.

Godt 40 personar hadde funne vegen til Historielaget si kveldsete på Kyrkjektorget sist onsdag. Kveldens tema var: «På veg inn i ny kommune».

Leiar i ØH ga ei miniinnføring i historia til Ørskog komme:

1837: Formannskapslovene – vi fekk kommune-Norge. Ørskog saman med Sykkylven = **ØRSKOG kommune** (Namnet har eksistert som kommunenamn heilt til 2020!!)

1884: **Sykkylven utskild** som eiga kommune unnateke bygdene på sørsida Storfjorden

1955: Bygdene på sørsida vart lagt til Sykkylven. **Ørskog = Ørskog anno 2018.**

1965-77: **Ørskog** = Skodje – Stordal – Ørskog

1977 – 2019: **Ørskog** = Ørskog pr 2019

2020: Etter 183 år er Ørskog-namnet som kommune borte. Ørskog = ein del av Ålesund saman med Skodje – Haram – Sandøy.

Astrid Eidsvik Fram til 2015 direktør for Helse Møre og Romsdal. Så rådmann i Åleund. 2018: Prosjektleiari for nye Ålesund og tilsett frå 1. januar 2020 som rådmann i den nye kommunen.

Ho fekk i løpet av kveldseta gje ei grei og oversiktleg utgreiing om bakgrunn og planlegging fram mot innspurten i dette arbeidet, der mykje vil vere på plass om nokre månader. Ho la stor vekt på å gje bakgrunnen for at større kommunar er nødvendig. Nokre stikkord: - samferdsels spørsmål felles løysingar. – motverke sentraliseringa i høve dei 4-5 største byane/regionane i landet. – heilskapleg planlegging i ein større region/kommune. – utdanning og skape og vidareutvikle utdanningsinstitusjonane våre. – nyskaping og forskning. – mangfold innan kutursektoren. – verte leiande region mellom Bergen og Trondheim. – krisehandtering.- betre kvaliteten på kommunen sine tenester. – bidra til styrking av næringslivet.

Vidare fekk vi skissert den politiske og administrative strukturen i nye Ålesund – med ca 6.000 tilsette. Politisk: - kommunestyret 77 rep. – formannskap 15 repr. – planutval 13 medl. – 4 komitear med ulike oppgåver. – 11 kommunedelsutval – fleire innbyggjartorg

Grunnverdiar for kommunen: open – engasjert - modig.

Undervegs vart forsamling servert gode kaker og kaffi, medan praten gjekk livleg rundt borda. Siste del av kveldseta vart nytta til spørsmål og kommentarar frå publikum – og svar frå Astrid Eidsvik. Mange tema vart tekne opp – nokre døme: - Bokmål/nynorsk – tenestekvalitet og plassering – demokrati – innbyggjartorg – ressursbruk – intensjonsavtalen – kommunereforma frå start til no – folkerøystingane som var – E 39 utanom Sjøholt – legevakt Sjøholt .. og meir til. Vi fekk elles innblikk i ulike prosjekt det vert arbeidd med – til og med verdsomspennande og interessante utfordringar for komande kommune..

Astrid fekk takk og stav laga av Arnfinn Hansestadhaugen for engasjert og informativ deltaking og medverknad på kveldseta vår.

Leiar Ørskog historielag.